

Årsmelding Tysvær Kyrkjelyd 2025

Soknerådet:

Soknerådssamansetjing;

Leiar: Kristine S. Aurdal

Nestleiar: Elise Kvinnesland Høyvik

Sekretær: Torunn Gjerde

Knut Austerheim

Øyvind Skogøy

Torleif Susort

Fast medlem: Sokneprest Tor Egil Eriksen

Varamedlemmer:

Kirsti Hervik

Karin Kvinnesland

Jorunn Synnøve Stava

Knut Austerheim og Torleif Susort har vore med i Fellesrådet

Kristine S. Aurdal har søkt om permisjon som blei innvilga til august 2025. Elise K. Høyvik har vore fungerande leiar i soknerådet i 2025.

Tysvær sokneråd har i 2025 hatt 9 rådsmøte og behandla 60 saker

Årsmøtet for Tysvær kyrkjelyd og Tysvær Soknehus var tirsdag 18. februar på Tysvær Soknehus.

I 2025 har Tysvær sokneråd lagt vekt på følgjande:

- kyrkjenær, arbeidet med trusopplæring blant barn og unge
- å ha ei folkekyrkje som synleggjer heile arbeidet i kyrkjelyden og tar alle på alvor
- å skape gode møter med kyrkjelyden i ulike samanhenger
- vere åpen for nyskaping og endring
- bruka soknehuset til å fremja arbeidet i kyrkjelyden

Ansatte:

Sokneprest: Tor Egil Eriksen i 100 % stilling i perioden 01.01.25-31.03.25, gått ned til 80 % st. frå 01.04.25 - 31.12.25 i Tysvær og Bokn.

Kateket: Marit Sofie Teistedal Vikre i 80 % stilling i Tysvær sokn og 20 % i Bokn sokn

Organist Bergfrid Seibt: 41,7 % st. i heile fellesrådet.

Ungdomsarbeider : Det har ikkje vore tilsett nokon person i stillinga som ungdomsarbeidar. Stillinga har vore lyst ut fleire gonger utan søkjarar.

Diakon: Synnøve Svensson Haakonseth i deltidsstilling i Tysvær sokn

Kyrkjelydens aktivitet:

Gudstenesten:

Det har vore 31 gudstenester i kyrkja i 2025 med totalt 3622 frammøtte. Det er nokså stabilt med 2024 – 30 personar mindre. Samarbeidet med trusopplæringstiltak gir fleire gode gudstenester for kyrkjelyden. Der var 4 nattverd gudstenester på Akdsalstunet i 2025, som ikkje er blitt rapportert. Så totalt er det litt fleire på gudstenestene.

Jazzmessa er blitt ein tradisjon og har godt oppmøte. Den blei arrangert i forbindelse med Sildajazzen i august.

Det blei arrangert hausttakkefest i september i samarbeid med Bygdekvinnelaget.

Julaften var det gudstjeneste med julespill. Mange barn var i aktivitet med sang og skuespill til glede for alle i kyrkja.

Klokkartenesta:

Ingunn Moi, Elise K. Høyvik, Øyvind Skogøy og May Britt Stava er i teneste som faste, frivillige klokkarar.

Kyrkjeleg undervisning og læring:

I 2025 har Tysvær sokn invitert dei fleste aldersgrupper mellom 0 og 18 år til minst ei kyrkjenærsamling. Dei som ikkje er medlemmer er også hjarteleg velkomne. Det er godt frammøte på mange av tiltaka. Nokre av tilboda er i samarbeid med ein eller fleire av kyrkjelydane i Tysvær og Bokn.

Tala nedanfor viser antall deltakarar /frammøte i prosent for tiltaka i Tysvær sokn:

Babysong: 20 /100%

Undretur, 3 år: 7 /35%

Barnebibel, 4 år: 28 /90%

Dåpsskule, 6 år: 14 /74%

Hausttakkefest, 7 år: 8 /42%

Diakonidag, 8 år: 14 /70%

Misjonsdag, 9 år: 8 /30%

5.klassetreff, 10 år: 11/32%

Lys vaken, 11 år: 17 /50%

Bli kjent, 12/13 år: 17 / 63%

Konfirmasjon, 14/15 år: 29 /91%

Ungdomsklubben i Tysværvåg 13-16 år: 96 /83%

Konfirmantarbeid (Kyrkjenær 15 år):

29 konfirmantar blei konfirmerte i 2025 i Tysvær sokn. Om lag annakvar veke har det vore samlingar på Tysvær Soknehus eller i Tysvær kyrkje. Konfirmantane samla også i år inn penger til Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Konfirmantfesten blei arrangert av soknerådet. Alle konfirmantane var utplasserte i barne- og ungdomsarbeid i løpet av året. Noen har deltatt i kontinuerlig arbeid, mens andre har vore leiarar i Kyrkjenær. Det blir lagt vekt på at konfirmantane skal få opplæring i den kristne trua, og at dei kan utvikle tru gjennom trospraksiser.

Barnekoret Gledesprederen:

I 2025 har 17 born vore innom barnekoret Gledesprederen. Koret har hatt 14 øvingar, og har deltatt på ulike arrangement i Tysvær. I september var koret med på barnekordag og konsert med Bjarte Leithaug. I tillegg har det vore arrangert grilltur og vårfest. Dette året har vi lagt opp til fleire prosjektperiodar, med pausar mellom desse.

Ungdomsklubben i Tysværvåg (trusopplæringstiltak 13-16 år):

I 2025 har ungdomsklubben i Tysværvåg hatt 11 klubbkveldar. To av kveldane har vore i Falkeidhallen, dei andre kveldane har vore på Tysvær Soknehus. Mesteparten av 2025 har vi ikkje hatt ungdomsarbeidar. Difor har kateket tatt ansvaret for administrative oppgåver og for å gjennomføre styremøter og klubbkveldar. Styret er under opplæring, og treng vaksne stabile folk rundt seg. I vårhalvåret hadde ein av foreldra ansvar for å skaffe vaksne vakter/leiarar til klubbkveldane. Jan Håvard Frøyland er kasserar. Det er mange som kjem på ungdomsklubben, og vi ser det som strategisk å oppretthalde dette arbeidet. Ungdommar frå Bokn deltek også. Volleyballturnering i Falkeidhallen og julebord blei årets høgdepunkt. 7. klassingane blei inviterte i april, noko som betyr mye for vidare rekruttering.

Speidararbeidet:

Sjøl om det er få aktive speidarar i Tysværvåg KFUK-KFUM speidergruppe, har «kjernetroppen» stilt opp og hatt oppgåver i 2025:

- Uteaktivitet på Supertorsdag.
- Fakkeltog og tenning av julegrana ved Tysvær Soknehus 1. søndag i advent.

Tysværvåg søndagsskule:

Tysværvåg søndagsskule har hatt 9 samlingar parallelt med søndagsamlingane på Tysvær Soknehus. Ca 20 born har til saman vore innom. Marit Mark og Anne Britt Laub er leiarar på søndagsskolen i Tysværvåg.

Supertorsdag:

Om lag ein torsdag i månaden har det vore Supertorsdag på Tysvær Soknehus. Arrangementet er for alle, og blir arrangert av leiarar fra nåværande og tidligere barnearbeid, under leiing av diakonen. Programmet består av samlingsstund, middagsservering og aktivitetar inne og ute.

Diakonitenesta:

Gjennom diakonitenesta har eldre som bur i dei ulike kretsane fått besøk med hilsing og blomst fra kyrkjelyden i samband med åremålsdager. (80, 85, 90, 95 og 100 år). I 2025 var det representantar for soknerådet som delte ut blomane.

Diakonen utfører tjenester for våre eldre i Aksdal og for personer med nedsatt funksjonsevne.

Diakonen har hatt hovedansvaret for Supertorsdag som har vært arrangert 1 torsdag i måneden i 2025.

Anna aktivitet:

Påskefrukost blei arrangert 1.påskedag. Ca. 70 personer kom for å starte påskefeiringa på Soknehuset.

På grunn av sjukemelding ble det ikkje arrangert frivillighetsfest i 2025.

Julegrana ved Tysvær Soknehus blei tent 1. søndag i advent. Det var gang rundt treet, servering av gløgg og god stemning. Speiderane tok ansvar for dette arrangementet.

1.søndag i måneden blir det arrangert lavterskeltilbud på Soknehuset, søndagsdrøsen, med servering av kaffe, te, og vafler mm. Ansvarlig for dette har vært Øyvind Skogøy.

Kyrkjetonar:

Kyrkjelydsbladet «Kyrkjetonar», som kjem ut med fire nummer årlig, har også dette året dekkja mye av aktiviteten i kyrkjelyden. Steinar Høyvik har vore representant i styret og i redaksjonsnemnda fra Tysvær Sokneråd i 2025. Det er ikkje lenger fysiske møter, dei er gått over til å vere digitale og det meste går på mailkommunikasjon.

Bygningsendringar i kyrkja:

Det står framleis igjen litt arbeid med å innreia barnekroken og evt. gjere fleire endringar i samarbeid med riksantikvaren.

Soknehuset:

Driftsstyret

Fra soknet har disse personane vore med i driftsstyret for Tysvær Soknehus. Leiar Steinar Høyvik, Harry Bakken, Jan Magne Moi og Geir Erik Rasmussen. Jostein Skogøy har vore vararepresentant.

Driftsbasaren:

Driftsbasaren for Soknehuset blei arrangert laurdag før palmehelga, 5. april 2025. I komiteen sat representantar fra soknerådet og bedehusstyret.

Informasjon om kyrkjelyden:

Face book sida til Tysvær Soknehus kjem med viktig informasjon om kyrkjelyden i tillegg til tysvaerkirken.no

Øvrige aktiviteter:

Møter- og misjonsarbeid:

Misjonsprosjekt:

Tysvær kyrkjelyd støttar Normisjon sitt arbeid på sjukehuset i Okhaldunga i Nepal.

I 2025 blei det tatt opp 3 ofringar til prosjektet.

Onsdag er møtedag på soknehuset. Det er et godt samarbeid med dei ulike misjonsorganisasjonene og dei øvrige organisasjonene i soknet. Ansvar for onsdagsmøta vert fordelt mellom 4-6 lutherske organisasjoner.

Ca. 4 søndager i semesteret arrangerer Normisjonsforeningen søndagssamling kl. 11 for heile familien. Dette blir koordinert med søndagsskulen og barnekoret. Det gir ein svært positiv effekt at heile familien får eit felles tilbud på same tid.

Normisjon har og ein forening "Trøste og bære" der dei fleste som er med tilhøyrer Tysvær sokn.

Apeland Bedehus er det einaste bedehuset i soknet der det framleis er aktivitet.

I 2025 har dei hatt basar både for NMS og DISM. Dei har en felles forening for NMS og DISM. I tillegg har det vore årsmøte/basar for bedehuskrinsen.

NMS har ei misjonsgruppe "Ny giv" med deltakarar frå heile soknet. Dei møtes på dagtid 1 gang i måneden. NMS har og eit foreningsstyre som har ansvar for Misjonsmessa i november og møtene for NMS på onsdager.

Sjømannskyrkja, Norsk kirke i utlandet, har ein forening som har møter på soknehuset 1 gong i månaden.

Oppsummering:

I 2025 har det vore eit jevnt godt arbeid i kyrkjelyden. Stor takk til dei tilsette som har gjort ein stor innsats gjennom heile året! Takk og til dei som har utført arbeid i soknerådet. Ein stor takk til alle frivillige som gjer en flott innsats i kyrkjelyden. Det å ha mange med i frivillig arbeid betyr mykje for fellesskapet.

Gudstenestene har samla mange i kyrkjelyden i 2025.

Det er eit ønske at bygningsendringane i kyrka kan bidra til at fleire barnefamiliar kan ta del i fellesskapet på gudstenestene.

Aktiviteten på soknehuset har vore stor. Det er godt å sjå at det er eit positivt og godt samarbeid mellom dei ulike organisasjonane og kyrkjelyden.

Susort 11. februar 2026

Kristine S. Aurdal

Leiar